

HØYRINGSUTTALE TIL NOU:2012:1

TIL BARNAS BESTE – NY LOVGJEVING OM BARNEHAGANE

Me som jobbar i barnehagen ser heilt klart at dersom regjeringa har ambisjonar om å sikre likeverdige tilbod med høg kvalitet i barnehagen lyt ein regulere styringa sterke gjennom eit meir tydeleg lovverk med forskrift, der det ikkje er rom for eigne tolkingar. Det er veldig mykje bra i forslaget til ny barnehagelov. Slik det fungerer i dag er det for mange normer som det er lett å vike frå utan at dette får konsekvensar for andre enn barna som får eit dårlegare tilbod. Samanhengen mellom god kvalitet og personale med pedagogisk bakgrunn, ser me som stor og vesentleg. Øie utvalet sitt forslag byggjer på forsking som viser samanhengen mellom kvalitet og faktorar som mellom anna eit stabilt og kunnskapsrikt personale.

Her fylgjer vår høyningsuttale i høve NOU 2012:1 Til barnets beste – Forslag til ny barnehagelov

Kapittel II Barnas rettigheter.

Forslaget i NOU'en styrkar barna sine rettar, noko me finn svært positivt.

Me stiller oss bak forslaget om å innføre og lovfeste bestemming om omsynet til barnet sitt beste, §5. På denne måten inntek ein barneperspektivet, og inkluderar barna som ein viktig interessen i forhold til barnehagen. Barnehagelova med forskrift skal lesast og tolkast utifrå kva som er til barnets beste.

Me stiller oss og positive til forslaget om ny bestemming i § 8 om barns rett til godt fysisk og psykososialt barnehagemiljø, §9 det fysiske miljøet, og § 10 det psykososiale miljøet.
Det er veldig flott at §6 barns rett til plass i barnehage og § 7 barns rett til medvirkning vert vidareført. Det er flott at ei ny lov vil kunne ivareta barna på ein mykje betre måte enn tidlegare. Barnehagebarn vil verte sikra et minst like godt miljø som elever og arbeidstakrar, med rett til individuell tilpassing der det er nødvendig, jf. høvesvis opplæringslova og arbeidsmiljøloven. Dette krev kunnskap om barn og deira utvikling for dei som skal jobbe i barnehagane. Det vil sikre barna eit kvalitativt godt og trygt tilbod.

Kapittel IV. Barnehageeiers ansvar og oppgaver

§ 14 Barnehageeiers ansvar

Kompetanse – krav til kompetanseheving og utvikling. Barnehageeigar har ansvaret for kvaliteten på barnehagetilbodet i den einskilde barnehage. **Me stiller oss bak forslaget frå utvalet om å lovfeste eigar sitt ansvar for at barnehagen har rett og nødvendig kompetanse.** Vidare at eigar skal ha eit forpliktande system som gir personalet i barnehagen moglegheit til å utvikle og vedlikehalde fagleg og pedagogisk kunnskap.

Til § 16 Krav til forsvarlig system for barnehageeier

Ny bestemming. Me tykkjer det er bra at ein slik bestemming vert teken inn i lova og stiller krav til eigar og kommunane som barnehagemyndigkeit. **Me ynskjer at denne vert teken inn i lova.** Me merkar oss at det kjem sterke føringar for kommunen som

barnehagemyndigkeit. Dette tykkjer me er positivt. På denne måten vil ein kunne kvalitetssikre og ivareta tilbodet til barna.

Kapittel V. Lokal barnehagemyndighets ansvar og oppgaver.

§ 17 Kommunen er lokal barnehagemyndighet.

For å ivareta oppfølging av barnehagane på ein god måte og kvalitetssikre tilbodet er det naudsynt at kommunane skaffar seg tilgang på barnehagefagleg kompetanse over barnehagenivået. Eit slikt krav vil kunne bidra til å sikre et tilfredsstillande fagleg nivå på kommunen sine avgjersler som lokal barnehagemyndigkeit.

Me stiller oss bak forslaget om å lovfeste dette.

Til § 25 Samarbeid om barnehagens forebyggende og helsefremmende funksjon

Bestemminga i § 25, som er ny, set krav om at kommunen skal utarbeide rutinar for samarbeid og kunnskapsutveksling mellom barnehage, barnevern, helsestasjon, pedagogisk-psykologisk teneste (PP-tjenesten) og andre instansar. **Dette finn me svært positivt og me stiller oss bak eit slikt krav.**

§ 27 Kommunens tilsynsansvar. Pålegg om retting, midlertidig eller varig stenging.

Me er sterkt kritisk til at kommunen som i mange tilfeller er eigar, fortsatt er foreslått å skulle føre tilsyn med barnehagen. Dette er særskilt problematisk etter innføringa av rammefinansiering til barnehagane. **Me meiner fylkesmann bør ha ansvaret med å føre tilsyn med barnehagane.** Det er elles positivt at det får konsekvensar for eigar om pålegg ikkje vert fylgde opp som t.d reduksjon i foreldrebetaling, midlertidig eller varig stenging.

Kapittel VII. Bestemmelser om barnehagens personale, mv.

Til § 31 Styrer

Me stiller oss bak forslaget om styrarressurs i kvar barnehage. Framleis hovudregel at kvar barnehage skal ha ein styrar og utdanningskravet vidareføres. Det er uheldig at eigar vil samordne styrarressursane i fleire barnehagar. Dette skaper ikkje kvalitet i praksis men sparar gjerne pengar. Så her er spørsmålet kva målet skal vera? Kvaliteten i barnehagen ar avhengig av tydeleg og nærverande leiing.

Me stiller oss positive til **kravet om at styrar skal ha forskulelærar utdanning, eller tilsvarande**, for å sikre at barnehagen har ei forsvarleg pedagogisk og administrativ leiing.

Kommunen kan innvilge midlertidig dispensasjon fra utdanningskravet etter andre ledd.

Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen. Departementet kan gi forskrift om midlertidig dispensasjon fra utdanningskravet og om godkjenning av yrkeskvalifikasjoner fra utlandet. Me kan ikkje sjå at det er til barna og drifta sitt beste å halde fram med å gi moglegheit for dispensasjon til krav om utdanning.

Dispensasjon frå utdanningskrav må bort.

§ 32 Barnehagens grunnbemanning

Me stiller oss positive til at bemanningsgrunnlaget vert: 1:3 under tre år (ein ansatt kan ha ansvaret for inntil tre barn under tre år), og 1:6 for barn over tre år (ein ansatt kan ha ansvaret for inntil seks barn over tre år). Ein forskulelærer kan ha ansvaret for inntil seks barn under tre år. Ein forskulelærer kan ha ansvaret for inntil tolv barn over tre år.

På same måten som eit bemanningskrav burde lovfestas, må ein få tydeligare reglar for når borna kan reknast som treåringar og dermed ta opp ein plass i staden for to. Dette gir utslag på barnegruppa sin storleik, og kan ha mykje å sei for det faglige tilbodet og kvaliteten i barnehagen.

Utdanningskrav til personale i barnehagane stiller me oss positive til. Pedagogiske leiarar må ha utdanning som førskolelærer. 20 prosent av pedagogane i barnehagen kan ha annen treårig pedagogisk utdanning på høgskulenivå eller universitetsnivå. Barne- og ungdomsarbeidarar skal utgjere minst 25 prosent av barnehagen si grunnbemanning. *Vi mener imidlertid at amisjonene om at kompetansekrav ikkje sakal vere infrid før 2020 erd for lav. Etter vårt syn haster det å få på plass en høyere pedagognorm.*

Dispensasjon frå utdanningskrav må bort.

NOU en kjem med forslag som vil styrke foreldra sine rettigheter.

Me stiller oss bak forslaget om å opne opp for at foreldre kan påverke forhold i barnehagen som dei ikkje er fornøgde med evt. å kunne påklage lovbrudd. Utvalget foreslår å lovfeste ei varslingsplikt dersom barnehagen blir klar over sider ved barnehagemiljøet som kan ha negativ virkning for barnas helse og sikkerhet. Lage til ei klageordning der det foreligg mangler ved barnehagemiljøet. **Dette tykkjer me er veldig bra.**

Pedagogiske leiarar ved Lærdalsøyri barnehage, Lærdal Kommune, og studentar ved Høgskulen i Sogn i Sogn og fjordane ”leiing i framtidas barnehage” i regi av Sogn regionråd:

Heidi Austrheim, Tina Stentvedt, Tone Fredheim og Torunn Vethe Gram

Kjelder:

NOU 2012:1 Til barnets beste

Fakta ark 2012:7 www.utdanningsforbundet.no

pressemelding frå Øie-utvalget 16.januar 2012